# MENIGHETSBLAD
## FOR ORKDAL PRESTEGJELD

Nr. 4 | APRIL 1952 | 2. årg.


# *Han er den som skal frelsa verda.*

I Johannesevangeliet les vi at Jesus samtaler med ei samaritansk kvinne, etter denne samtalen blir han verande der i byen i to dagar. Og mange kom til tru på han. Da han reiste, sa dei seg i mellom: «Vi veit for visst at han er den som skal frelsa verda». Sidan har dette vitnemålet lydd atter og atter frå menneske som i Jesus Kristus har funne Frelsaren og byrjinga til eit nytt liv i hans kraft.

Dette vitnemålet byggjer ikkje på teoriar og draumar. Det er sagt ut av den djupaste røyndom. Alle som ærleg og heilt har gått vegen til Jesus har røynt det same.

Jesus Kristus eig og gjev det som verda treng til frelse - ikkje berre for sjelene, men og for jordelivet. Det er stort å vita at vi har ein Frelsar som og har omsut for dette livet. Heimane våre, din og min kvardag med sine store og små problem, ja, heile verda si naud ligg han på hjarta. Diverre har ofte forkynninga hatt lite syn for denne sida ved Jesus, og Jesus har difor ikkje alltid fått kome til orde når det gjeld verda si sosiale naud. Men lat oss ikkje gløyma at Frelsaren er Menneskesonen som steig ned og levde i våre kår - og syntes hjarteleg synd om mennesket. Skulle han da vera likeglad med dei jordiske kåra våre?

I dag treng vi han og slik. Verda har stelt seg så dårleg. Hat, mistru, naud og ufred er det så mykje av. Vi har det godt her i landet, men ut frå den store verda stig nauda inn

til oss, no i det siste møtte vi ho i blinde og tuberkuløse flyktningar som kom til landet vårt.

Det er nok av profetar som peikar på utvegar. Kanskje har Fridtjof Nansen rett når han etter føre verdskrigen sa: «Jeg ser ingen annen redning for menneskeheten enn nestekjærlighetens gjenfødelse». Det er og denne vegen Jesus vil hjelpa oss til å gå. Redninga for menneske sitt jordeliv er å innstilla menneskesinnet på nestekjærleik og godhug. Her hjelper ingen organisasjon, det må ei åndeleg vekking til. Der kan Jesus hjelpe, einast han, for kjem han til, gror det fram liv av hans liv, og mennesket kan få eiga det sinnelag som han så herleg åpenberra her på jorda.

Fredrik Ramm vitnar så sterkt om dette, da han i Jesus Kristus møtte Gud: «Det første Gud gjorde med meg var å befri meg fra hat og frykt og negativ innstilling til mine medmennesker, og en ny ukjent følelse begynte å vokse fram, så jeg kunne føle kjærlighet til andre helt uavhengig om de hadde noe å gi meg». Det er Jesus som slik kan nyskapa eit menneskehjarta.

Så gjeld det om vi vil gå denne vegen om Jesus. Men det kostar noko å gje rom for nestekjærleiken. Det er kanskje trass i alt lettare å tale eit ord om Gud, til menneske vi møter enn å gje dei to rom når dei er huslause. Likvel er det den siste tingen Jesus vil vi skal gjera, for det er gjerninga som sterkast vitnar om han. Dermed blir jordelivet berga for eit naudstett menneske, og Jesu Kristi kjærleik openberra for det.

Trur du ikkje det ville skje noko i verda om menneska tok til å møta kvarandre på denne måten?

**A. F.**

---

## *Innskrivning av konfirmanter, tirsdag 29. april.*

For Orkdal: I Megården bedehus.
For Orkland: I Orkland Kirke. Begge steder kl. 10.



## *Til fjells med Guds ord.*

Påskehelga kjem. Unge og eldre i flokkevis dreg ut frå byane til gilde dagar i fjellet. Utfarten har auka år for år, buss og bane arbeider under høgtrykk for å makta transporten. Turisthytter, høgfjellshotell, pensjonat får annsame dagar og står full av glade påskegjester. Ein kveld etter ein gild dag i fjellet blir gjestene møtt av eit oppslag: «Andakt i kveld!» Dette er eit nytt innslag i påskefeiringa for dei fleste. Men det underlege skjer at jamt over møter mest alle fram. Dei får eit hefte med påskesalmar i handa og syng med om den krossfeste og oppstadne Frelsaren. Seinare lyder dei med opne sinn til den kristne påskebodskapen som blir bore fram.

Med opne sinn? Ja, det er kanskje dette som sterkast grip den som forkynner Ordet i eit slikt høve. Skiturane i ein ven og storfelt natur synest å ha opna mange stengte dører inn til hjarto, slik at dei tar i mot. Den som får vera bodberar her, kjenner seg difor så veldig takksam for oppgaven.

Det er kyrkja som på denne måten freistar fylgja dei som dreg til fjells. I alle turiststrok rundt om i landet, blir det no halde påskegudstenester - eller andakter - ute og inne.

Mange synest kanskje at ein på denne måten stør opp under verdsleggjeringa i tida. Var det ikkje betre å setja inn eit kraftig arbeid med å få bort denne utferdsla i påska som har gjort den stille veka til ein parodi? Om vi maktar dette veit eg ikkje, men eitt veit eg og det er at idag fins det ein utveg til å nå desse friluftselskarane med påskeevangeliets stille, sterke ålvor. Kanskje er dette vegen vi lyt gå!

Kyrkjene står mest tome, målet må bli fylte kyrkjer og levande kyrkjelydar. Vi kan ikkje sitja og venta at dette skal skje av seg sjøl. Vi lyt etter Mesterens ord gå ut på gater og vegar og be menneska om å koma. Der folket er, lyt og kyrkja vera med sin bodskap om han som søkjer og frelser dei som er fortapte.

**A. F.**

---

## *Offer og kollekt i kirkene i mars.*

Orkdal kirke, 16. mars: Offer til Indremisjonen i anledning årsmøte for Orkladal fellesforening kr. 315,30.

Orkanger kirke, 2. mars: Offer til institutt for Kristen oppseding kr. 61.50. 16. mars: Kollekt til Kristne arbeideres forbund kr. 28,62. 23. mars: Offer til Blå Kors kr. 50.00.

*Menighetsblad for Orkdal prestegjeld:*
**Utgitt av Orkland sokneråd.**
Utk. hver måned unnt. i juli og august, og sendes gratis gjennom posten til alle husstander i Orkdal prestegjeld.
Kontingent ellers kr. 4.- pr. år.
Redaktør: **Res. kap. Leergaard.**
Medvirkende: **Prost Skrondal og pastor Olsen.**
Hovedkasserer: **lærer Nils Ofstad.**
Menighetsbladets trykkeri: Svorkmo Prenteverk.

## *Pastor Arne Frisvold,*

Torshus, har skrevet andakten i vårt blad idag. Likeledes stykket: «Til fjells med Guds ord».

Som mange vil vite skal han nå slutte som lærar, idet han fra 15. mai d. å. er ansatt som hjelpeprest i Strinda prestegjeld med bopel på Ranheim.

Arne Frisvold er bondegutt fra Soknedal, født i 1911. Han blev student fra Follo landsgymnas i 1933, cand. theol. fra Universitetet i 1940. Etter noen års lærervirksomhet på forskjellige steder, bl. a. ved framhaldsskulen i Meldal, blev han ansatt som lærer ved Torshus folkehøgskule i 1948. I 1950 blev han ordinert til prest i Nidaros Domkirke.

Når han nå forlater bygda vår, vil vi gjerne på fallrepet og her i Menighetsbladet få si ham en hjertelig takk for godt samvær. I de 4 årene han virket iblandt oss lærte vi å sette overordentlig stor pris på ham, både som lærer og prest. Ved sin dyktighet og sitt elskverdige væsen vandt han seg bare venner. Vi ønsker ham av hjertet tillykke med tilsettingen og vi gratulerer Strinda prestegjeld som i pastor Frisvold vil få en mann som er åndelig rikt utrustet og særlig skikket som prest.

Gud signe ham og hans familje på det nye sted.

## *Tanker foran en konfirmant.*

«Så er du konfirmert. Hei på deg!»

Nei, slik hilser vi ikke konfirmanten som kommer ut av kirkedøra. Da måtte en hefte seg ved stasen. Og det er mange som gjør det. Lillebror og den yngre søstra ser med misunnelse på all den fine stasen. Men det de misunner mest ligger ikke i smykkeetuiet eller lommeboka: Det er den nye merkelappen konfirmanten lett gir seg sjøl.

«Voksen», kviskrer det innenfra en stolt barm. «Voksen», sies det høgt fra enkelte hold. «Voksen», stråler de ut, de fine tingene på gavebordet.

Det var tungt hvis det var sant at en var det i konfirmasjonsalderen. Som voksen plikter en å bære tungt ansvar og børene i livet. Og det venter ingen at en kan i den alderen. Noen tar til å tjene de første kronene. Men dermed er en ikke voksen.

La oss kalle dere unge. Ikke noe kleinslig navn, det heller. Ungdom er en kapital dere har framfor de gamle. En stor kapital er det. Hva vil du gjøre med din ungdom? Hvordan vil du nytte den? Og her kommer enda et spørsmål til: Hva vil du gjøre med Jesus og det du hørte fra ham under konfirmantsamværene? Ungdomstida og han hører egentlig i hop. Det var den sjølsagte forutsetning for samværene og dagen i kirka. Dette var det vi ville få sagt deg: «Din frelsar ser på deg i dag, og spør om du vil halda lag, så han fær trufast leida deg på livsens fårefulle veg».

Men da er det jo alvorlig å konfirmeres? Ja, stort alvor. Livet seinere avhenger av bekjennelsen du ga, om den var ærlig eller løgn. Jesus er ungdommens frelser. DE fleste trur at han bare er alderdommens, og venter med å søke ham først da. «Hvorfor slapp jeg ham ikke til før?» har mangen klaget. De så hva de hadde tapt ved å stenge ham ute fra ungdomsårene.

«Din frelsar ser på deg i dag». Det gjelder, selv om disse linjene blir lest først e t t e r den høgtidelige dagen. Får han, vil han gå med deg gjennom en festlig og farlig ungdom og frelse deg gjennom de voksne år.

**Olav Olsen.**

## *Er du glad?*

Er det nokon som kan vera glad her i «denne jordens jammerdal», så må det vera eit kristent menneskje! - som er frelst og dyrekjøpt og til saligheten døpt. «Synd og sorg er syskenord». Men når synda er vekk-teke, så er gleda att.

Trur me ikkje detta, så er me vanntru - er sjølv skyld i at me er sturen og sorgfull og skræmd og ulukkeleg, i utrengsmål. Det er ei skeiv kristentru som ikkje kan fri ein frå syndesorger. Me skal leva «et jevnt og muntert virksomt liv på jord», «som det jeg vilde ei med kongers bytte». Synda blir me alldri kvitt her i livet, både synda i oss og i kring oss er synberr, men når sorgen seg sænker og livsmodet lænker og nager ditt hjerte i lønn - o løft da dit øye til ham i det høye som maner til takk og til bønn. Såleis skal all syndesorg ende med glede og takk og pris til frelsaren og ikkje til gråt og jammer og skræmsel og ræddhug for ein æveleg død. Tru Vår Herre på hans ord! Når du ikkje trur, så vannaktar du Gud og det er ei våeleg sak!

**K. M. Elda.**

---

## *Konfirmanter i Orkanger 1952.*

G u t t e r : Brage Knudsen. Fredrik Grevle. Halvor Ambjørn Eftedal. Hermann Wuttudal. Johan Bach. Jostein Harald Hongslo. Kjell Lorentzen. Knut Larssen. Kåre Birger Eidsmo. Per Fredrik Gangås. Per Gudbjørn Mælen. Per Hermann Nave Jørgensen. Svein Leknes. Terje Vuttudal. Tor Henriksen. Tore Andreas Solberg.

J e n t e r : Anne Mari Røhme. Annie Helen Haug. Astrid Skinstad. Bjørg Lorentzen. Bjørg Vikdal. Brita Olsen. Brit Grøset. Edel Irene Ebbesen. Ellen Johanne Volden. Helen Kjønli. Inger Johanne Sundli. Inger Margrete Gangås. Inger Marie Meslo. Laila Skauge. Lilly Østlund. Liv Anne Moe. Marie Jorunn Rømme. Ragnhild Johnsen. Sofie Rønning. Tove Johanne Haugsand. Ågot Otilie Reitan.

---

## *Gaver til bladet.*

Hittil innkommet: Orkanger kr. 58.-. Orkdal kr. 167.-. Orkland kr. 376.50. I alt kr. 601.50.

En hjertelig takk til alle givere! Nå trengs det nok enda litt mere for å holde det gående, så vi vil rette en appell til bladets lesere om å huske det med en gave. Særlig rettes denne appell til Orkanger som ennå står litt tilbake med sine bidrag. Vi tror at dette vesle bladet som kommer inn i alle hjem i de tre sokn, har sin misjon. Det binder oss sammen, gir oss menighetsbevissthet, og minner oss alle om det viktigste her i livet:

Frelsen i Jesus Kristus. **N. O.**

Ikkje medtatt i siste nr. for **Orkanger.** Ved Anton Hoff: Lovise Fossum kr. 5.

**Orkdal:** Ved Ingeborg Krogstad: Edv. Liøkelsøy kr. 5; M. Dørdal 5; Oline Staveli 5; Gudrun Kjøren 5; Sivert Oddli 4; Ole O. Morken 5; Ingeborg Krogstad 3; Elbjørg Husby 3; Marie Sundli 3; Alf Asphjell 3; A. Skrondal kr. 20. Tils. kr. 61.-.

**Orkland.** Ved Marit Berbu: Lars Halgunset kr. 2; Anne Viggen 5; Alfhild Holthe 2; Edv. Boksbu, Øyum 5; Gurine Bergem 5; Karen Langås 5; Anne O. Svorkmo 5; Emilie Lund 5; Anne Dalen Spranflott 2; Marit Dalen 2. Tils. kr. 38.-.

Ved Anders Hoston: John Viken kr. 5; Ingebrigt J. Hoston 5; Anders Lommundal 5; Hilda Solem 5; Amund Skorild 2; Bent Løkken 2; Edv. Strømsvåg 2; John Dragset 4; John A. Lium 2; Even Sinnes 3; Anne Lommundal 4; Knut Rise 2; John Sinnes 5; Martin Rise 5; Susanna Rise 2. Tils. kr. 53.-.

Ved Oddlaug Høston: Lovise Haugen 2; Peder Løseth 4; Einar Sandvik 3; Sigrid Solbu 3; Sigurd Solbu 3; Andreas Rye 5. Tils. kr. 20.

Ved Jørgen Lie: Ivar Ljøkjel 5; Alf Kvernvik 5. Tils. kr. 10.

---

## *Fra kirkeboken.*

DØPTE i mars:

I Orkland Kirke: 9. mars: Magne Olaf Asbøll f. 23. 1. 52. 23. mars: Ivar Fagerli f. 29. 1. 52. 9. mars: Mary Solbu f. 23. 1. 52; Kirsti Svorkås f. 26. 1 52. 23. mars: Gerd Irene Bjerkan f. 21. 1. 52. 9. mars: Løkken kapell: Inger Tverdal f. 1. 1. 52.

I Orkdal Kirke: 9. mars: Hans Magne Woldmo f. 23. 1. 52. 16. mars: Per Johan Sæterbakk f. 3. 2. 52; Stig Monsen f. 22. 1. 52. 30. mars: Rolf Kåre Sundli f. 31. 1. 52; Karl Herman Wilhelm Andreassen f. 2. 2. 52. 9. mars: Gerd Kitty Metli f. 26. 12. 51; Liv Holm f. 6. 1. 1946.

I Orkanger Kirke: 2. mars: Svein Arne Rønning f. 11. 1. 52. 9. mars: Kjell Skorild f. 8. 1. 52; Ole Blåsmo f. 8. 12. 51. 2. mars: Vigdis Arnhild Jenssen f. 18. 12. 51. 9. mars: Elly Anne Oddli f. 8. 1. 52; Maj Wenche Meinhart f. 5. 2. 52. 16. mars: Berit Martinsen f. 1. 2. 52.

VIGDE i mars:

I Orkland: Ingen.

I Orkdal: 1. mars: Martin Gunnerius Sommervold og Solveig Sundli. 29. mars: Ole Ivarsen Storøien og Kari Olsdtr. Fossum.

Ola Mo...

I Orkanger: 1. mars: Herman Tormod Sæthre og Anna Kristine Karlsen.

DØDE i mars:

I Orkland: ug. snekker Lars Andersen Vormdal f. 4. 3. 1884.

I Orkdal: ug. bonde Morten Rasmussen Bjørset f. 28. 11. 1892.

I Orkanger: Ingen.

---

## *Fester og møter:*

Svorkmo bedehus:

Torsdag 1. mai kl. 15: Svorkmo indremisjons kvinneforenings 30-års jubileum. Emissær Eggan deltar.

Fredag 2. mai kl. 20: Kvinneforeningen «Vårblomen» 10-årsfest. Emissær Eggan deltar.

Moe misjonshus:

Lørdag 3. mai kl. 20 og søndag 4. mai kl. 16 har Orkladal Fellesforening for indremisjonen **Kvartalsmøte** og **10-årsfest.** Pastor Olsen, sekr. Nadheim og emissær Eggan deltar.

---

## *Gudstjenester:*

**2. s .e. påske, den 27. april:** Ustad skole kl. 11: Skrondal.
Orkanger kirke kl. 11: Olsen.
Hoston forsamlingshus kl. 11: Leergaard.

**3. s. e. påske, den 4. mai:** Orkdal kirke kl. 11: Leergaard. Nattverd.
Orkanger kirke kl. 11: Skrondal. Nattverd.
Orkland kirke kl. 11: Olsen og sekr. Nadheim. Nattverd.
Ofring til Indremisjonen.

**4. s. e. påske, den 11. mai:** Asbjørnslett skole kl. 11: **Skrondal.**
Orkanger kirke kl. 11: Olsen. Konfirmasjon.
Ofr. til innkjøp av nytestamenter til konfirmantene.
Svorkmo bedehus kl. 11: Leergaard.

**17. mai:** Orkdal kirke: Barnegudstjeneste: Olsen.
Orkanger kirke: Barnegudstjeneste: Leergaard.
Orkland kirke Barnegudstjeneste: Skrondal.

**5. s. e. påske, den 18. mai:** Råbygda bedehus kl. 11: Leergaard.
Orkanger kirke kl. 11: Olsen. Nattv. for konfirm. og andre.
Moe misjonshus kl. 11: Skrondal.

**Kristi himmelfartsdag, den 22. mai:** Orkdal kirke kl. 11: Olsen.
Orkanger kirke kl. 11: Skrondal.
Orkland kirke kl. 11: Leergaard.